Sak 44/10-11.

Til Studieutvalget
Fra Studieseksjonen (peh)

Den kursansvarlige for JUS134 Rettshistorie og komparativ rett, professor Jørn Øyrehagen Sunde, har i brev til Studieutvalget søkt om en endring i eksamensordningen for kurset. I dag er det en fire timer lang skoleeksamen, slik det ellers er vanlig for obligatoriske emner i programmet. Han viser til at rettshistoriefaget skiller seg ut, ved at det er et utpreget perspektivfag, der refleksjonen omkring faget er minst like viktig som faget selv. I en slik sammenheng er det hans syn at dagens eksamensordning i for liten grad gir studentene anledning til å vise sine evner til å resonnere og reflektere og til å se sammenhenger. Det vises til hans eget brev, som er tatt inn nedenfor, der han gjør utførlig greie for søknaden.

Studieseksjonen bemerker at formen hjemmeeksamen kan by på utfordringer med tanke på å unngå og å avdekke fusk og lignende uregelmessigheter. Det er likevel kjent frå forskningen omkring dette at noe av det viktigste i så måte er hvordan eksamensoppgavene blir utformet. Dette er grundig gjennomgått i forslaget fra den kursansvarlige, og studieseksjonen ser ikkje vesentlige betenkeligheter med å gå inn for forslaget. Det viktigste tilfanget av kilder for mulig fusk vil i framtida antakelig bli tidligere oppgaver levert inn i faget. Fordi også hjemmeeksamenene vil bli sendt til Ephorus-kontroll, vil også dette materialet etter hvert inngå i Ephorus-basen og dermed utgjøre en del av referansematerialet som framtidige oppgaver blir kontrollert mot. Dermed blir også kontrollhensynet ivaretatt.

Undervisningsutvalet
Det juridiske fakulet, UiB
Bergen

Jørn Øyrehagen Sunde
Det juridiske fakultet, UiB
Postboks 7800

5020 Bergen

Vaksdal 15.02.2011

Søknad om prøvebruk av heimeeksamen i JUS134

Eg ønskjer med dette å søkja om å få prøva å erstatta fire timar skuleeksamen med tre dagar heimeeksamen på JUS134: Rettshistorie og komparativ rett.

JUS134 er eit perspektivfag der refleksjonen rundt kunnskapen er like viktig som sjølve kunnskapen. Dette målet med faget er reflektert i eksamensoppgåvene. Men som fagansvarleg for JUS134, og som sensor for minst ein kommisjon, sidan hausten 2007 har eg observert at for mange studentar får vanskar med å både få vist si kunnskapsmengde, sin evne til å sjå samanhengar og til å resonnera i løpet av ein fire timar lang skuleeksamen. Sjølv om evne til tidsprioritering òg er eit element ved ein eksamen, vert det for framtredande i høve til JUS134 på grunn av ambisjonen med faget.

Ved å erstatta skuleeksamen med ein heimeeksamen vil ein både få høve til å optimalisera ambisjonen med JUS134 som perspektivfag, og å gje studentane betre høve til å visa sine kvalifikasjonar i faget på eksamen. Årsaka er at ein i enno større grad enn i dag kan leggja vekt på samanhengar og resonnement på eksamen, samstundes som studentane vil få tid til å visa fram sin kunnskap.

Ulempa med heimeeksamen er faren for at den ikkje vert ei prøving i studentane sine faglege kvalifikasjonar, men i deira evner til å skaffa eksamenshjelp. Faren i for slik uheiderleg framferd er minimal i JUS134. For det fyrste fordi faget er unikt – det vert ikkje undervist i eit tilsvarande tema nokon annan stad. Dermed finst det ikkje tilgjengeleg ferdigskrivne oppgåver som kan kopierast. For det andre fordi ein vil halda fram med å prøva studentane i kunnskap, og i tillegg vil minst ei oppgåve på eksamen verta ei rein kunnskapsoppgåve. Det er vanskeleg å tileigna seg denne kunnskapen utan å lesa hovudlitteraturen, ein litteratur som bare vil verta lest av dei som ønskjer å ta eksamen i nettopp dette faget. For det tredje fordi oppgåvene er tenkt lagt opp slik at dei er så breie og omfattande at ein ikkje kan svara godt på dei utan å ha følgd undervisninga. Den einaste forma for eksamenshjelp vil dermed vera samtalar med dei som har tatt faget tidlegare og som

har oversiktskunnskap. Men det må sjølvsagt vera ei like legal kunnskapskjelde som det å slå opp i hovudlitteraturen.

Tanken er at heimeeksamen skal vera elektronisk. Det vil seia at oppgåva vert lagt ut på ”Mi Side” samstundes til alle studentar. Deretter vert oppgåvene levert inn elektronisk på same viset som arbeidsgruppeoppgåver. Sensorkorpset får tilgang til oppgåvene på nettet og skriv inn sine kommentarar der. Nivåkontroll, og eventuell klagesensur vert gjort ved at det vert gjeve tilgang til oppgåvene på nett. Slik vil administrasjonen av og kostnadane med heimeeksamen faktisk vert langt mindre enn av ein skuleeksamen. Kanskje vil dette utløysa meir midlar til undervisning i daget?

Reint faktisk er tanken at studentane vil få tilgang til eksamensoppgåva kl. 08.00 dag 1 av eksamen. Frå dette tidspunktet vil det òg vera mogeleg å stilla fagansvarleg spørsmål om oppgåva. Slike spørsmål og svar vil vera tilgjengelege for alle studentar på nettet. Dag 3 leverer så kandidatane sine oppgåver kl. 16.00. Til saman har dei dermed 3 1/3 dag til rådevelde for å svara på oppgåva.

Rettleiande ordgrense bør setjast til 25 000 teikn med mellomrom. Det vil seia om lag 10 A-4 sider, vanleg marg, skrivne med Times New Roman 12 punkt og halvannan linjeavstand. Rettleiande vil i denne samanhengen seia at oppgåve både kan vera kortare og lengre, men at det normalt skal vera tilstrekkeleg langt til å ha med all kunnskap og alle perspektiv som trengs til ei A-oppgåve.

Eksamensoppgåve utforminga er viktig for at ei slik ordning skal fungera etter intensjonen. Ei tenkt eksamensoppgåva er difor lagt ved som eit vedlegg.

Eksamenskandidatane vil verta oppfordra til å nytta eit referansesystem, som innan rettsvitskapen til vanleg er fotnotar. Dette har dei erfaring med frå ex.fac., og vil vera ei stor føremon for dei som har teke seg tid til å setja seg grundig inn i hovudlitteraturen, i kjelder, eller til og med i tilleggslitteraturen. Tilleggslitteraturen vil som i dag likevel fyrst og fremst vera viktig for dei som aspirerer til karakteren A.

Samla sett meiner eg at det er store faglege føremoner med å innføra heimeeksamen i JUS134. Og slik ordninga er tenkt lagt opp vil det vera vanskeleg å få ein god karakter utan å sjølv studera faget, samstundes som dei som legg ned ein solid arbeidsinnsats vil profittera på ordninga. Vidare meiner eg det er administrative og økonomiske føremoner med ei slik omlegging av eksamensordninga på JUS134. Likevel vil eg føreslå at ordninga eventuelt vert vedtatt som ei prøveordning for 2011, og at den vert evaluert av fagansvarleg, sensorar, administrativ ansvarleg, JSU og Undervisningsdekan før SU eventuelt vert førelagt eit forslag om å gjera ordninga permanent.

Til sist vil eg leggja fram at forslaget til ordning ikkje er eit alt-eller-ingenting-forslag. Det vil seia at eg er open for forslag til endring i det føreslegne opplegget, fordi eg ser at dialog er viktig for å utarbeida ei så god ordning som mogeleg.

Venleg helsing

Jørn Øyrehagen Sunde
Fagansvarleg JUS134: Rettshistorie og komparativ rett